



Statens vegvesen

Lindås kommune
Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

Trine Haukås

Behandlande eining: Region vest	Sakshandsamar/telefon: Odd Høydalsvik / 55516377	Vår referanse: 15/251850-7	Dykkar referanse: 15/3883 – 16/30614	Vår dato: 05.12.2016
------------------------------------	---	-------------------------------	--	-------------------------

Høyring og offentleg ettersyn av reguleringsplan for Sjøvold – Plan-ID 1263–201514 – gnr. 172 bnr. 26 og 6 m. fl – Seim – Lindås kommune

Vi viser til Dykkar brev av 04.11.16 med framlegg til reguleringsplan for Sjøvold, Seim i Lindås kommune. Plan-ID 1263–201514.

Planområdet er på ca. 13,3 daa og hovudføremålet med reguleringsplanen er å leggje til rette for utbygging av opp til 15 bustader gnr. 172, bnr. 6 m. fl.

Området er i kommuneplanen lagt ut til bustader og er såleis i samsvar med overordna plan. I tillegg er eksisterande bustader innanfor området regulert etter ynskje frå kommunen.

Trafikktryggleik.

Etter det vi kan sjå er ROS-analysen mangelfull då den ikkje omhandlar trafikktryggleik ved gjennomføring av tiltaket. Statens vegvesen har hatt vesentlege merknader til dette temaet i planarbeidet.

Statens vegvesen har i vårt brev av 14.12.15 stilt krav om at det vert etablert fortau frå bustadfeltet langs Lurevegen og vidare langs fylkesveg 402 fram til Seim skule slik det er sett krav om i naboplanen Nilshøyen bustadfelt. Det er no etablert eit fortau langs fylkesveg 402 fram til Seim skule i samsvar med kravet i naboplanen.

Statens vegvesen fekk 23.09.16 søknad om mellombels lagring av stein på deler av reguleringsplanen for Sjøvold. I vår vurdering av denne søknaden gav vi uttale i vårt brev av 11.10.16 der vi vurderte at kryssingspunktet frå fortauet langs Lurevegen til fortauet langs fylkesveg 402 ikkje var tilfredsstillande slik forholda er i dag, då fortauet langs eigedomen gnr. 172, bnr. 37 er bygd med utgangspunkt i eksisterande veg og ikkje etter den godkjende reguleringsplanen. I reguleringsplanen for Seim skule (plan-ID 1263–201005) er fylkesvegen flytta mot aust og utforminga av krysset endra i forhold til eksisterande veg.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 LEIKANGER

Telefon: 02030
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Landsdekkende regnskap
9815 Vadsø

Vi vil derfor krevje at reguleringsplanen for Sjøvold må regulere ei tilfredsstillande løysing for kryssing mellom fortauet langs den private vegen Lurevegen og fortauet langs vestsida av fylkesveg 402. Etablering av ei trygg kryssing her må vere eit rekkjefølgjekrav i planen. Dette er etter vår vurdering avgjerande m.a. for å sikre trygg skuleveg. Planen må og innehalde rekkjefølgjekrav om utbetring av avkøyrsla.

Då eksisterande fylkesveg 402 på staden ikkje er i samsvar med reguleringsplanen for Seim skule (plan-ID 1263-201005) må Lindås kommune vurdere om det som ei mellombels løysing må gjevast dispensasjon frå regulert løysing for å kunne etablere ei trygg kryssing av fylkesveg 402.

Statens vegvesen rår i frå at reguleringsplanframlegget vert vedteke slik det no ligg føre. Vi deltek gjerne i drøfting om korleis dette kan løysast på best mogeleg måte for å sikre god trafikktryggleik frå bustadområdet og fram til Seim skule.

Plan og forvaltning Bergen
Med helsing

Sindre Lillebø
Seksjonssjef

Odd Høydalsvik

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi
Hordaland fylkeskommune – Regionalavdelinga, Postboks 7900, 5020 BERGEN